Statens vegvesen

ASBJØRN TORE HEGGLAND
HEGGLANDSDALSVEGEN 444
5211 OS

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Kari Elster Moen / 55516115 | 16/181144-10 | | 30.06.2017 |

# Ny vurdering - Søknad om avkjørsel - Fv. 134 - Gnr. 73 bnr. 2 - Os kommune

Statens vegvesen viser til din e-post frå 19.02.2017 der du ber om ny vurdering av din søknad om å etablere ny avkøyrsle til eigedomen din ved Hegglandsdalsvegen. Statens vegvesen sende deg vårt avslag på søknaden 09.02.2017.

Vi viser og til synfaring på staden 29.06.2017. Landbrukssjef Øystein Svalheim deltok og på synfaringa.

Du har forklart at du ønskjer ei eiga avkøyring til parsellen av eigedomen din fordi naboen har laga seg ny veg. De hadde tidlegare felles veg som gjekk over både din og hans eigedom. Han har lagt sin nye veg slik at han no ikkje treng å gå over din eigedom. Resultatet for deg er at du må gjennom to grindar og over hans beite for å kome til og frå innmarka di. Dette er tungvint for deg, og du vil sikre deg eigen tilkomst.

På synfaringa gjekk vi innover vegen til naboen og såg på tilhøva på staden. Konklusjonen frå synfaringa er at Statens vegvesen ikkje kan omgjere vårt avslag. Vi meiner du vil kunne få ein grei tilkomst sjølv om du må over naboen sin eigedom. Vi meiner vi må legge større vekt på trafikktryggleiksomsyn i eit langt tidsperspektiv enn omsynet til at du ønskjer eigen tilkomst til teigen din fordi det vil vere lettare for deg.

Statens vegvesen vil etter dette ikkje omgjere vedtaket. Avslaget står derfor fast.

**Klagerett:**
Vi vil gje deg utsett klagefrist. Du kan klage på avslaget datert 09.02.2017 innan 3 veker frå dette brevet er mottatt. Sjå informasjon i vedlagt skriv.


| Postadresse | Telefon: 02030 | Kontoradresse | Fakturaadresse |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen | | Nygårdsgaten 112 | Statens vegvesen |
| Region vest | firmapost-vest@vegvesen.no | 5008 BERGEN | Regnskap |
| Postboks 43 | | | Postboks 702 |
| 6861 LEIKANGER | Org.nr: 971032081 | | 9815 Vadsø |

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Tor Høyland
fung. seksjonssjef

Moen Kari Elster
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Os kommune i Hordaland, Pb. 84, 5202 OS